

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Dalsfjord

Emne: Beit og brom

Bygdelaag:
Krins: Steinsvik

Oppskr. av: Sverre Lyngnes

Gard:

(adresse): Steinsvik på S.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1/ Beit, tunne bjørkekvisler (skat) er til dels bruka som attåtfor (naudfor) enno. Berre av bjørk til bukrøter. Det hender at geit og sau får beit av gran og fure der dei har slike treslag.

2/ Ein seier berre: Stad etter beit, eller "åhogge beit" serskild køyregogn finst ikkje.

3/ Ein hogg beit helst på etterjulsvinteren - og i vårknipa. Ordet brom har vi ikkje - det er i alle fall ikkje i bruk no.

4/ Ein brukar helst ei lita øks. Stundom lauvkniv.

5/ Bjørkeris åt ku, sau og geit. Dei som har bar, d. e. beit av gran/fure hentar det åt sau og geit. Kyrne får det i høvelege små kvister i båsen, sameleis sau og geit. Stundom køyrer ein heim passeleg mykje - helst bar - og sau og geit får forsyne seg av dungen.

7/ Skikkar som her nemnt kjenner ein ikkje.

tillegg.

Ein brukar og lyng til eit slag -beit-. Lynget skjær ein med sigd og hentar det i sekker. Røslýng, og blokkebærlyng er helst bruka, truleg for di det gjev mest av seg.

Eine er og bruka, helst åt geiter. Dei får forsyne seg av det ein køyrer heim.

1488